

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 02.01.2011
Frå: **Administrerende direktør**
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Riksrevisjonen sin årlege kontroll av departementa si forvaltning av statlege selskap for 2009 (Dok 3:2 for 2010-2011)**

Administrerende direktør si orientering pkt 4
Styresak 003/11 O

Styremøte 12.01. 2011

Riksrevisjonen overleverte den 11. november 2010 resultatene av selskapskontrollen for 2009 til Stortinget. Kopi av dokumentet følger notatet som vedlegg.

I del I blir det gjort greie for kontrollen med statlege selskap.

Del II omhandlar kontrollen av utvalde emne innan utøvinga av regjeringa si eigarpolitikk. I kontrollen for 2009 har Riksrevisjonen i utvalde selskap følgd leiarlønsutviklinga og arbeidet med samfunnsansvar.

I del III blir resultatene frå utvida kontrollar presenterte. Med omsyn til dei regionale helseføretaka blir det særleg vist til

- sak 1: dei regionale helseføretak si resultatrapportering og måloppnåing (side 27 – 33). Målet med undersøkinga har vore å vurdere i kva grad dei regionale helseføretaka følgjer opp og innfrir utvalde styringskrav i oppdragsdokumenta for 2009, samt å vurdere rapporteringskvaliteten i dei årlege meldingane for 2009. I sine merknader peiker Riksrevisjonen særleg på følgjande forhold:
 - manglande kvalitet på form og innhald i dei regionale helseføretaka si rapportering i årleg melding
 - store regionale forskjellar i praktiseringa av prioriteringsforskrifta innanfor alle områder
 - manglande måloppnåing med omsyn til ventetid for prioriterte pasientar
 - styringa for å sikre god datakvalitet på nasjonale kvalitetsindikatorar og fristbrot
- sak 2: helseføretaka si ivaretaking av ansvaret for pasientreisar (side 34 – 38). Målet med undersøkinga har vore å sjå på korleis utviklinga i kostnadseffektivitet for pasientreisar med rekvisisjon har vore i helseføretaka, med særleg vekt på reiser utført med drosje eller turvagn. I tillegg omfattar undersøkinga på kva måte helseføretaka legg til rette for god kvalitet i tenesta. I sine merknader peiker Riksrevisjonen særleg på følgjande forhold:
 - variasjonar i kostnadsutvikling gir grunnlag for å stille spørsmål ved om alle helseføretak har klart å skape ein meir kostnadseffektiv teneste. Lav grad av samordning av transporter og stor variasjon i kostnader og kostnadsvekst tyder på at det framleis er eit uutnytta potensial.

- det bør utviklast eit meir risikobasert kontrollsystem med dei økonomiske oppgjera som kan gi helseføretaka betre kontroll med ordninga.
 - jamleg oppfølging av transportørane om forhold ut over dei økonomiske oppgjera er ein føresetnad for å kunne ha kontroll med kvaliteten
- sak 3: Norsk Helsenett si ivaretaking av informasjonstryggleik i helsenettet (side 39 – 44). Målet med undersøkinga har vore å vurdere i kva grad Norsk Helsenett SF tek i vare sitt ansvar for informasjonstryggleik i helsenettet. Riksrevisjonen har peikt på fleire svakheiter. Helse- og omsorgsdepartementet har opplyst at det med bakgrunn i undersøkinga er sett i verk ein rekke tiltak.

Del IV omhandlar saker som har kome fram gjennom Riksrevisjonen sin årlege kontroll av ulike protokollar og rapporteringar frå verksemdene. I tillegg omhandlar del IV tidlegare rapporterte saker som Riksrevisjonen vil følgje opp vidare. Helse- og omsorgsdepartementet er omtala på side 81-84, og omtalen gjeld oppfølging av tidlegare rapporterte forhold. Når det gjeld Helse Vest, har Riksrevisjonen særskilt tatt opp einerettstildelinga til Helse Vest IKT AS der det blir etterlyst framlegging av saka frå Helse- og omsorgsdepartementet til regelverksforvaltar. I tillegg er det peika på utfordringane i Helse Fonna HF og Helse Førde HF med omsyn til oppfylling av kompetansekrava i forskrift om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus. Begge sakene vil bli følgd opp av Riksrevisjonen.